



Dato: 16.06.22

Varsel om endring av reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert det varsla om endring av reguleringsplan for Mjåtveit næringsområde, Gbnr 322/218 m. fl., Alver kommune, planID 20120001 og saksnr. 22/682.

Kanalveien 11
5068 Bergen

+47 55 300 600
post@holon.no

Forslagsstillar er Mjåtveit næringspark. Utførande konsulent for planarbeidet er Holon Arkitektur AS.

Formålet med reguleringsplanendringa er å leggje til rette for lagerverksemd søraust i planområdet. Dette vert gjort ved presisere arealformålet som i gjeldande plan er delt på tre arealformål regulert for høvevis Næring/Offentleg eller privat tenesteyting, Næring/Forretning/Kontor og Næring/Industri/Lager. Det nye arealformålet vert Næring, og føresegnene definerer nærare kva for bygningstypar og tiltak som vert tillate innanfor området.

Endringa inneber òg justering av regulerte vegar slik at dei samsvarar med bygde vegar slik dei er godkjente i byggesaker. Det vert òg retta opp i føresegnene, slik at dei samsvarer betre med vedtatt reguleringsplan, enn dei har vist seg å gjere.

Følgjande endringar er gjort i plankartet:

- Erstatte N/OPT01 med NÆ (Næring), og endra storleiken på N/F/K02 og N/IND/L01 i samsvar med nytt formål.
- Justert o_EA01 til som bygget og frådelt.
- Flytta o_EA02.
- Endra o_AVT02 til f_AVT02 i samsvar med reguleringsføresegnene.
- Fjerna regulerte avkøyrsløpar.
- Endra geometri f_KV02, f_KV03 og f_FT03 i kryss til som bygd.
- Forkorta f_KV04 og f_FT04.
- Lagt til ny tilkomstveg f_KV05.
- Slått saman formåla f_LNFRN01 og f_LNFRN03 som følgje av at vegen på tvers vert regulert bort.

Endringar i føresegnene går fram av vedlegget «Gjeldande føresegner med forelåtte endringar» der alle strykingar og tilføyningar er vist i raudt.

På vår heimeside finn du meir informasjon: <https://holon.no/kunngjoringer/>

Merknader og innspel til endringar av reguleringsplanen kan sendast til: Holon Arkitektur AS, Kanalveien 11, 5068 Bergen, eller e-post: post@holon.no

Merk alle førespurnadar med vår referanse «22031 Mjåtveit næringsområde». Frist for merknader er sett til **DATO**.

Alle mottatte innspel og merknader blir vurdert og lagt ved innsendinga til Alver kommune for sakshandsaming. Det er difor ikkje naudsynt å sende kopi til kommunen. Spørsmål kan rettast til Holon Arkitektur AS ved Jan Espen Vik på e-post janespen@holon.no, eller tlf. 55 30 06 00.

Med beste helsing

Jan Espen Vik
Holon Arkitektur AS